

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223, FA - L71	14/995

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2016	Formannskapet	PS	14.06.2016

### Klage på vedtak - etableringstilskot S.Fredheim

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Tilbakemelding - Klagesak - Masfjorden - Handsaming av søknad om etableringstilskot	12.04.2016
1+SV+_77772.pdf	02.12.2015

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klagen vert ikkje teken til følge, og kommunen står fast på at Somsri Fredheim får tildelt etableringstilskot med kr. 15.000,- for sin eigardel i privat bustad gnr. 37,. Bnr.83. Tilskotet vart utbetalt i 2015.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Fredheim har klaga på vedtak og omgjerung av vedtak gjort i samband med tildeling av etableringstilskot. Klage er tidlegare framlagt for formannskapet, ved to høver, sommaren og hausten 2015, samt sendt Fylkesmannen i 2016. Klagen vert no lagt fram for formannskapet som kommunen sitt klageorgan

##### Uttale

Fylkesmannen i Hordaland i høve Fredheim sin klage

Utdrag frå standardvedtektene kraftfond, rundskriv H-1/11

## b. Forvaltningsklage (partsklage)

Vedtak om avslag på søknad om støtte må anses som enkeltvedtak etter forvaltningslovens § 2. Etter forvaltningslovens § 28 andre ledd kan enkeltvedtak truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av kommuneloven, påklages til kommunestyret eller en særskilt klagenemnd. Når det påklagede vedtak er truffet av kommunestyret, er departementet klageinstans. Departementets myndighet til å avgjøre forvaltningsklager er delegert til fylkesmannen, jf. rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

## Høyring

Det har vore møte og ein del e-post korresporanse mellom kommune (dei fleste e-postar har og gått til formannskapsmedlemmene) og klagar.

## Fakta

Kommunen si ordning med etableringstilskot;

**Kommunestyret handsama nytt regelverk for etableringstilskot i møte 18.04.2005, som sak 19/05 – med justering av satsane under Kommunestyremøte 11.12.2008, sak 99/08.**

Ordning med etableringstilskot vert innført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

Handsaming av søknad og vedtak kring tildeling av etableringstilskot

## Delegert vedtak - søknad om etableringstilskot

Vi syner til søknad motteke 24.11.2014

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 008/2014**

*Somsri Fredheim får tildelt etableringstilskot på kr 30 000 for oppføring av eigen privat bustad på gnr 37 bnr 83. Tilskotet vert utbetalt i 2015 og når mellombels bruksløyve eller ferdigattest ligg føre. Søklar må sende e-post med kontonummer og oppmoding om utbetaling for å få pengar overført til konto.*

Opplysningar i samband med mellombels bruksløyve

Eigar av 37/38:

FREDHEIM SOMSRI

5981 MASFJORDNES Hjemmelshaver (H) 1/2

FREDHEIM SVEIN BJARTE

5981 MASFJORDNES Hjemmelshaver (H) 1/2

Desse opplysningane vart ikkje gitt ved søknad om etableringstilskot, men seinare stadfesta av søkjar. Viser til pkt. 4 og 7 i etableringstilskotsordninga.

formannskapet 18.6.(under sak 85/15)

### **3. Etableringstilskot S.Fredheim.**

Utfordring i høve utbetaling av tildelt etableringstilskot vart drøfta med formannskapet, har ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon enno, men regelverket skal følgjast. Ved delt eigarforhold kan ½ av tildelte tilskot utbetalast. Rådmannen følgjer opp saka i tråd med delegert fullmakt.

og formannskapet 2. sept. 15

**Etableringstilskot:** Vidare oppfølging av problemstilling frå sist formannskapsmøte, og formannskapet står fast på konklusjon frå førre møte.

### **Søkjar har fått utbetalt 15.000 i etableringstilskot.**

#### **Forvaltningslova § 28, andre ledd**

For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalget eller en eller flere særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. Departementet er likevel klageinstans når vedtak er truffet av kommunestyret eller fylkestinget. Vedkommende statlige organ er klageinstans når vedtak er truffet i henhold til myndighet delegert fra et statlig forvaltningsorgan.

#### **Klagenemnd**

Formannskapet er oppretta som klagenemnd av kommunestyret etter forvaltningslova §28 andre ledd. Klagenemnda handsamar klager på enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova.

#### **Vurdering**

Normal handsaming av etableringstilskot er at søkjar får tildelt etableringstilskot som første fase (normalt kjem søknad før oppføring av bustad), så legg tildelinga seg inn i «kø» jf. reglementet, og det tek normalt ei tid mellom tildeling og utbetaling av etableringstilskot (jf. pkt. 3 i regelverket for etableringstilskot). Når ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg, og etter anmodning om utbetaling av etableringstilskotet føreligg, vert det gjort ei ny handsaming før utbetalinga og ein sjekkar ut om alle vilkår er innfridd/tilstade. I dette tilfelle vart det avvik mellom tildelt etableringstilskot og retten til etableringstilskot jf. dokumentasjon på eigarforhold (jf. faktadelen og pkt. 4 i ordninga for etableringstilskot. Eine parten over 40 år. Omgjering av vedtak, og tildeling av 15.000 i etableringstilskot i stadenfor 30.000,-. Det har vorte klaga på omgjeringa ved fleire høve, ført til at ein har lagt saka og situasjonen fram for formannskapet/kraftfondstyret. Klage har og vorte sendt til Fylkesmannen. Saka vert lagt fram for kommunen klageorgan – formannskapet for endeleg avgjerd frå kommunen si side.

#### **Konklusjon**

Klagen frå S. Fredheim vert lagt fram for formannskapet som kommunen sitt klageorgan, med tilråding om at ein står fast på omgjeringa av tidlegare administrativt vedtak jf. dokumentasjon og at Somsri Fredheim får tildelt etableringstilskot med kr. 15.000,- for sin eigardel i privat bustad gnr. 37,. Bnr.83. Tilskotet vart utbetalt i 2015.

## **Formannskapet - 061/2016**

### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Klagen vert ikkje teken til følge, og kommunen står fast på at Somsri Fredheim får tildelt etableringstilskot med kr. 15.000,- for sin eigardel i privat bustad gnr. 37,. Bnr.83. Tilskotet vart utbetalt i 2015.**